



## KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 15.11.2017  
**Stad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 – 13.00  
**Tilstade:** Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), David Pletten Aasgard (medlem), Sven Olav Saltnes (vara for Siv Beate Marøy) og Karolina Vakt skjold (vara for Cyril Marøy)  
**Innkalla:** Ordførar Jon Askeland, til sak 38 og 39  
Rådmann Jarle Landås, til sak 39, 40 og 41  
Økonomisjef Sveinung Kvamme, til sak 41  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik, Nordhordland Revisjon IKS  
**Sekretær:** Øivind Olsnes  
**Forfall:** Siv Beate Marøy, Cyril Marøy  
Arne Manger var innkalla som 1. varamedlem, men kunne ikkje møte.

.....

### 35/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### 36/17 Godkjenning av møteutskrift

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå sist møte 20.09.17 vart godkjent.

### 37/17 Skriv og meldingar

Saksvedlegg: Brev frå Fylkesmannen vedkomande kommunal garanti

- a) Kommunal garanti Aufera AS
- b) NKRF «Kontrollutvalskonferansen 2018», 7. - 8. februar 2018
- c) Nordhordland Revisjon IKS - Invitasjon til fagdag 27.11.2017

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

### 38/17 Orientering om status for samanslåingsprosessen for nye Alver kommune / fellesnemnda sitt arbeid

Ordførar Jon Askeland, deltok i møtet og orienterte om saka.

Det vart mellom anna peika på følgjande:

- «Me bygger Alver kommune» - <https://einkommune.no/>

- Var tidleg ute, har god prosess og framdrift
- Tidsplan for ulike fasar frå våren 2017 til etablering og drift av den nye kommunen i 2019-2021
- Organisasjonskart for prosjektorganisert arbeid i perioden til okt. 2019
- Politiske hovudprosjekt
- Administrative hovudprosjekt
- Utkast budsjetttramme for ulike prosjekt 2017 – 2020
- Politisk organisering Alver kommune

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for god orientering og tek informasjonen til orientering.

**39/17 Orientering/dialog med ordførar /rådmann**

Ordførar og rådmann deltok i møtet og orienterte om følgjande saker:

- Utvikling sjukefråver
- Er no i budsjettprosessen for 2018
- Språkopplæring for flyktningar
- Nybygging og drift av barnehage på Bø

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for god orientering og tek informasjonen til orientering.

**40/17 Økonomisk status for kommunen – 2. tertialrapport 2017**

Rådmann Jarle Landås deltok i møtet og orienterte om saka.

Det vart mellom anna informert om følgjande:

- Er kontroll i høve vedteke og korrigerert budsjett
- Kostnader til sosialhjelp og barnevern har auka

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for informasjonen og tek saka til orientering.

**41/17 Oppfølging av revisjonsrapport nr 14**

Saka vart handsama før sak 40/17.

Saksvedlegg: Revisjonsrapport nr. 14

Kontrollutvalet handsama i sak 13/17 den 05.04.17 sin uttale om årsrekneskapet 2016, revisjonsmeldinga og revisjonsrapport nr. 14.

I kontrollutvalet sitt vedtak vart det peika på ulike tilhøve. Kontrollutvalet ville i løpet av 2017 særskilt følgje opp revisjonen sine kommentarar til sosiale utbetalingar.

Rådmann Jarle Landås og økonomisjef Sveinung Kvamme deltok i møtet og orienterte om korleis merknader i Revisjonsrapport nr. 14 var følgd opp.

Det vart mellom anna informert om følgjande:

- Sosiale utbetalningar – er avvik, men gjennomfører no tiltak
- Oppfølging av husleige – er iverksett tiltak
- Formidlingslån – er iverksett tiltak
- Kontantkassar – skjerpar inn rutinar og reduserer antal

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for informasjonen og tek saka til orientering.

**42/17 Orientering om rekneskapsrevisjon 2017**

Saksvedlegg: Brev datert 19.10.2017 frå Nordhordland Revisjon IKS - Orientering om fristar i årsoppgjeret

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik deltok i møtet og orienterte om saka.

- Frå neste år vil verte ein endra rutine med strengare krav i høve endeleg avlegging av rekneskapet pr. 15.02.
- Rekneskapet for 2017 er revidert undervegs i løpet av året, fokus på prosjekt/investeringar under arbeid med besøk ute i avdelingar.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**43/17 Uavhengighetserklæring Radøy kommune 2017**

Saksvedlegg: Uavhengighetserklæring frå Nordhordland Revisjon IKS, datert 27.10.2017.

Nordhordland Revisjon IKS v/ Reidar Bjørsvik har utferdiga ei eigavurdering av uavhengighet i høve krav til kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek erklæringa til etterretning

**44/17 Godkjenning av prosjektplan «Eigarskapskontroll i Sambandet Vest AS»**

Saksvedlegg: Framlegg til prosjektplan frå Nordhordland Revisjon.

Kontrollutvalet vedtok i møte den 29.05.17, sak 22/17 å tinge ei prosjektskisse for selskapskontroll av Sambandet Vest AS. Revisjonen sitt framlegg til prosjektplan vert her lagt fram for godkjenning.

Radøy kommune deltek i dette interkommunale aksjeselskapet. Revisjonen foreslår at ein i prosjektet ser nærmare på korleis Radøy kommune ivaretek sine eigarinteresser i selskapet.

Eigarskapskontrollen vert foreslegen avgrensa til åra 2015-2017 evt. 2018 dersom rekneskap og anna føreligg i tide. Prosjektet er planlagt starta opp i 2019 for handsaming i kontrollutvalet siste kvartal same år.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik deltok i møtet og orienterte om saka.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner framlegget til prosjektplan for *Eigarskapskontroll i Sambandet Vest AS* slik den ligg føre.

**45/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

Kontrollutvalet diskuterte møteprotokollar frå politiske utval.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

**46/17 Møteplan/årsplan for Kontrollutvalet 2018**

Saksvedlegg: Framlegg til møteplan/årsplan.

Aktuelle saker for oppfølging vart drøfta.

**Samrøystes vedtak:**

Møteplan/årsplan for kontrollutvalet 2018 vert godkjend med dei endringar som vart gjort i møte.

**47/17 Eventuelt**

Folkevaldopplæring for kommunale kontrollutval 29.-30.01.2018,  
Sekretær sender inn påmelding som avtalt i møte.

Neste møte i kontrollutvalet er 14. februar kl. 09.00

Saker til neste møte:

- Årsmelding for kontrollutvalet

Manger, 15.11. 2017

Arild Tveranger /leiar

Øivind Olsnes /sekretær